

# Sluttrapport for «Samarbeidsprosjektet i Nordhordland»

## Innhald

1.	Innleiing .....	2
2.	Om «Samarbeidsprosjektet i Nordhordland» (samarbeidsprosjektet) .....	3
2.1	Overordna mål for samarbeidsprosjektet .....	3
2.2	Mandat (oppdrag).....	3
2.3	Ressursar.....	4
2.4	Aktivitets- og tidsplan .....	5
2.5	Organisering .....	6
2.6	Korleis samarbeidsprosjektet skulle henge saman med overordna mål og planar .....	7
3.	Gjennomføring.....	9
3.1	Planlegging av utprøving av modellar .....	9
3.2	Oppstart med utprøving av modellar hausten 2018 .....	10
3.3	Endringar som vart gjort hausten 2019 .....	11
4.	«Kompetanse og utdanning i Nordhordland - Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen» (rapport frå UiB).....	12
5.	Prosjektet VET in Urban Centres (Erasmus+) .....	13
6.	Evaluering og oppsummering .....	14
6.1	Evaluering .....	14
6.2	Oppsummering.....	15

Vedlegg 1 UiB-rapporten «Kompetanse og utdanning i Nordhordland – Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen»

Vedlegg 2 Evaluering av samarbeidsprosjektet i Nordhordland

Vedlegg 3 Rektorane sine vurderingar

## 1. Innleiing

Dette er sluttrapporten for «Samarbeidsprosjektet i Nordhordland». Rapporten inneholder en omtale av prosjektet, hvorfor prosjektet startet, og hva prosjektet skulle gjøre og levere for organisasjonen. Vidare inneholder rapporten en omtale av viktigste deler av prosjektet. Funns og evaluering inneholder refleksjonar og vurderingar opp mot hva som har vore målet med prosjektet. «Samarbeidsprosjektet i Nordhordland» har vore eit prosjekt først i regi av opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, og sidan avdeling for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune og har hatt som mål å prøve ut nye undervisningsformer der meir av undervisninga blir gjennomført ute i bedriftene.

Prosjektet har bestått av prosjektleiing og vore styrt av eit samarbeidsforum der representantar frå skuleeigar, vidaregåande skular i Nordhordland, regionrådet i Nordhordland (som representerer kommunane) og næringslivet i regionen.

Sjølvre prosjektet starta opp våren 2017 då planlegginga starta og samarbeidsforumet vart etablert. Utpeiking av prosjektleiar vart gjort hausten 2017. Prosjektet er ei politisk bestilling frå Hordaland fylkesting, basert på vedtak gjort hausten 2016. Hovudformålet med prosjektet er å vidareutvikla det gode samarbeidet mellom skule og arbeidsliv, og utvikle modellar der meir av undervisninga vert flytta ut i bedriftene. Prosjektet vart avslutta sommaren 2020.

## 2. Om «Samarbeidsprosjektet i Nordhordland» (samarbeidsprosjektet)

Oppfølging av vedtak i skulebruksplanen låg til grunn for arbeidet i samarbeid mellom skule og næringsliv, jf. vedtak i Hordaland fylkesting 4. oktober 2016:

*«Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemndene.»*

og dessutan verbalforslag i Hordaland fylkesting i desember 2016, i samband med budsjettvedtaket for 2017:

*«Det vert våren 2017 starta opp eit samarbeidsprosjekt mellom skulane i Nordhordland og det lokale næringslivet, der målet er å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemndene.»*

Nordhordland har over lang tid hatt eit godt samarbeid mellom skule og arbeids- og næringsliv med faste samarbeidsorgan i tillegg til fast kontakt mellom skular og bedrifter. *Kompetanseprosjektet*, som har vore i drift sidan 2008, har som målsetting å styrke samarbeidet mellom skular og bedrifter, gi elevar betre kunnskap om yrkesval og sikre at lokale bedrifter får den kompetansen det er behov for.

Kompetanseprosjektet er betalt av kommunane i Nordhordland (50 %) og Vestland fylkeskommune (50%). Det har vore eiga styringsgruppe for prosjektet, der fylket, kommunane og næringslivet har vore representert. Gjennom kompetanseprosjektet og andre tiltak har samarbeidet mellom skule og næringsliv vorte styrka over tid. Det var difor føremålstenleg at arbeidet i samarbeidsprosjektet bygde vidare på relasjonane og dei eksisterande møtearenaene for samarbeid mellom skule og næringsliv.

### 2.1 Overordna mål for samarbeidsprosjektet

Samarbeidsprosjektet skulle bidra til å synleggjere og vidareutvikle samarbeidet, dei gode døma og dei gode samarbeidsstrukturane mellom skule og arbeidsliv. Det skulle leggjast vekt på styrka fagmiljø, yrkesretting og relevans gjennom attraktiv og nyskapande opplæringsverksemd innan ulike utdanningsprogram i Nordhordland.

Samarbeidsprosjektet skulle òg kartlegge i kva grad det var mogleg å leggje meir av undervisninga i verksemndene og utvikle modellar for utprøving av praktisk undervisning i verksemndene t.d. ulike vekslingsmodellar og moglege forsøk innan prioriterte utdanningsprogram. Det vart utarbeidd eit mandat for samarbeidsprosjektet:

### 2.2 Mandat (oppdrag)

- 1. Samarbeidsprosjektet skal bidra til å utvikle nye undervisningsformer og kartlegge i kva grad det kan vere mogleg å søkje om forsøk, t.d. med fordeling av praksisopplæring og vurdering mellom skule og arbeidsliv. Dette arbeidet skal bidra til kunnskapsgrunnlag for å vurdere behov for nyinvesteringar.*
- 2. Gjennom dialog vil ein i prosjektet få fram kunnskapsgrunnlag for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland.*
- 3. Prosjektet vil følgje opp arbeidet med samfunnkontrakt og bidra til å styrke det systematiske samarbeidet mellom skule og arbeidsliv.*
- 4. Prosjektet vil leggje til rette for samarbeid med t.d. forsking, UH-sektoren, eksterne kompetansemiljø og Erasmus+ prosjekt.*

Samarbeidsprosjektet skulle bidra til meirverdi og resultat (effektmål) ved at:

- Samfunnkontrakt og gode samarbeidsstrukturar og –prosjekt skal vere godt kjent i regionen, og talet på samfunnkontraktar og lære plassar skal ha auka år for år.*
- Mål og rammer for samarbeid mellom skule og arbeidsliv skal vere avklara og forankra, og det skal vere enkle rutinar for avtalar om samarbeid.  
Samarbeidsavtalar mellom skule og enkelte verksemder skal vere skriftlege og forpliktande så langt råd er.*
- Modellar for utprøving av undervisning/praksisopplæring i verksemndene og nye undervisningsformer skal vere prøvd ut og evaluert innan 2020. Skulane skal ha prøvd ut ein modell innan eitt utdanningsprogram og utarbeidd rapport i samarbeid med arbeidslivet. Utdanningsprogram for utvikling/utprøving vil vere TIP ved Knarvik vgs. og BA ved Austrheim vgs.*
- Moglege modellar for å leggje meir av undervisninga i verksemndene skal gi eit visst grunnlag for å vurdere framtidig behov for og bruk av areal, arenaer og utstyr for opplæring i skule og bedrift, jf. vedtaket i Fylkestinget 4.10.2016 om moglege nyinvesteringar.*
- Ulike moglege løysingar og konsekvensar knytt til mogleg fordeling av fagtilbod/utdanningsprogram ved skulane skal vere vurdert og bidra til kunnskapsgrunnlag for dimensjonering og tilbodsstruktur ved rullering av skulebruksplanen.*
- Sluttrapport og evaluering av samarbeidsprosjektet med konklusjonar og tilrådingar skal kunne nyttast i vidare utviklingsarbeid.*

### **2.3 Ressursar**

Samarbeidsprosjektet med ulike aktivitetar vart i utgangspunktet lagt opp innan gjeldande budsjetttramme. Avklaring av finansiering vart gjort for ulike tiltak, og det kunne søkjast om midlar til prosjekt og/eller kompetanseutvikling. Hordaland fylkeskommune hadde fått tilsegn på midlar til Erasmus+ prosjektet for perioden 2017–2020.

Prosjektleiarstillinga vart planlagt til om lag 20% gjennom heile prosjektperioden. I tillegg vart det sett av ressursar til reisekostnader og kostnader til prosjektsamlingar og møteverksemnd.

## 2.4 Aktivitets- og tidsplan

Samarbeidet skulle omfatta perioden 2017-2020, og årlege framdriftsplanar vart utarbeidde:

Aktivitet	Tidsplan
<i>Planleggingsfase</i>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablering av forum/arena på fylkesnivå for oppfølging av arbeidet og for å sikre samarbeid og samhandling med kommunane og næringslivet.</li> <li>• Kartlegging av samarbeid og utforming av mandat for oppfølging av vedtak.</li> </ul>	Vårhalvåret 2017
<i>Utviklingsfase</i>	
Prioritere og koordinere samarbeidsområde ut frå skulane sine utviklingsplanar og ut frå Nordhordland Regionråd og Nordhordland Næringslag sine mål og strategiar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Synleggjere og dele gode erfaringar med samarbeidet skule-arbeidsliv i Nordhordland</li> <li>• Utarbeide årleg aktivitetsplan med felles mål skule og arbeidsliv, m.a. for Yrkesfagleg fordjuping</li> <li>• Fordele utdanningsprogram som er med i prosjektet mellom Knarvik vgs. og Austrheim vgs. og avklare deltaking/bidrag frå arbeidslivet i prosjektet</li> <li>• Motivere, involvere og engasjere bedrifter i samarbeidet, m.a. felles workshop mellom skulane og bedrifter</li> </ul>	Hausthalvåret 2017
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere modellar for å organisere fag- og yrkesopplæring der meir av undervisninga skjer ute i bedrift</li> <li>• Følgje opp arbeid med samfunnskontrakt, rammer for samarbeidsavtalar og skriftelege avtalar mellom skular og arbeidsliv</li> <li>• Avklare deltaking i internasjonalt prosjekt (Erasmus+) i samarbeid med Regionalavdelinga, om utvikling av regionale senter (oppstart des. -17)</li> </ul>	Skuleåret 2017/18
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere moglege nye undervisningsformer og planlegge utprøving i praksis skuleåret 2018/19 og 2019/20</li> <li>• Bidra til å auke tal lærer plassar</li> </ul>	Vårhalvåret 2018
Oppsummering og evaluering (kunnskapsgrunnlag)	

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppsummere erfaringar og evaluere dei modellane for undervisning/ praksisopplæring som har vore prøvde ut i prosjektet</li> <li>• Drøfte grunnlag for fagtilbod og dimensjonering av vidaregåande opplæring ut frå <ul style="list-style-type: none"> <li>○ behov for kompetanse og framtidig fagtilbod ved dei vidaregåande skulane i Nordhordland</li> <li>○ behov for arbeidskraft, framtidige næringer og kompetansebehov i regionen</li> </ul> </li> <li>• Vurdere bruk av verkstad/bedrift for meir praktisk undervisning i verksemdene (behov og omfang)</li> <li>• Vurdere konsekvensar og mogleg behov for nyinvesteringar til skuleanlegg ved modell(ar) der meir av undervisninga vert gjort ute i verksemdene</li> </ul>	Skuleåret 2019/20
---	-------------------

## 2.5 Organisering

Samarbeidsforum på fylkesnivå (styringsgruppe) skulle møtast ca. to gonger i halvåret.

Samarbeidsforum var frå starten samansett slik:

Fylkesdirektør opplæring	Svein L. Heggheim
Regionleiar	Hillevi Runshaug
Leiar seksjon fagopplæring	Torbjørn Mjelstad
Leiar seksjon skule	Linda Farestveit
Spesialrådgjevar regionalavdelinga	Heidi Bjønnes Larsen
Rektor Knarvik vgs.	Kari Espelund Bruvik
Avdelingsleiar Knarvik vgs.	Rune Nesse
Rektor Austrheim vgs.	Kjersti Daland Næss
Avdelingsleiar Austrheim vgs.	Gurid Espe
Regionrådet Nordhordland	Øyvind H. Oddekalv
Nordhordland Næringslag (NoNL)	Svein Nordvik

Andre representantar frå skuleleiinga og andre fagpersonar kunne delta i samband med t.d. enkeltsaker og i samband med prosjektet knytt til regionsenterutvikling. Hovudtillitsvalde kunne ha med ein representant om organisasjonane ønskja det. Gulen og Masfjorden Næringsråd er medlem i NoNL, og Gulen kommune var representert ved Regionrådet. Kontakten med Regionrådet Nordhordland vart styrka ved at regionrådet hadde ein representant i samarbeidsforum på fylkesnivå: Øyvind H. Oddekalv, ordførar i Meland kommune, var leiar for *utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling* i regionrådet for Nordhordland og representerte kommunane.

Arbeidet vart koordinert med *utval for næring- og samfunnsutvikling*, og dessutan ved at saker og diskusjonar vart lagt fram for regionrådet i Nordhordland.

Prosjektet skulle følgjast opp gjennom tilrettelegging og koordinering av opplæringstilbodet med praktisk opplæring i bedrifter i regi av skulane i samarbeid med næringslivet. Prosjektet vart integrert i skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid, og tiltak vart utvikla i direkte samarbeid med bedrifter i tillegg til:

- Nordhordland Næringslag v/Svein Nordvik, Kompetanseutvalet (strategisk), der rektorane var representert.
- Nordhordland Næringslag, Kompetanseprosjektet v/Vivian Kårbø (operativt), der Hordaland fylkeskommune var representert i styret ved Kjell Helge Kleppestø.

I løpet av prosjektpersonen vart det gjort nokre endringar i samansetninga av samarbeidsforum, og desse var medlemmer når prosjektet vart avslutta:

Områdeleiar	Hillevi Runshaug
Leiar seksjon kompetanse	Linda Farestveit
Seniorrådgjevar seksjon forsking, kompetanse og internasjonalisering	Kristin Iversen
Rektor Knarvik vgs.	Kari Espelund Bruvik
Avdelingsleiar Knarvik vgs.	Rune Nesse
Rektor Austrheim vgs.	Frode Hervik
Avdelingsleiar Austrheim vgs.	Helge Dyrkolbotn
Nordhordland Næringslag (NoNL)	Baste Tveito

Tor Ivar Sandvik (seniorrådgjevar, seksjon kompetanse) var prosjektleiar frå januar 2018 til mars 2020, då Øyvind H. Oddekalv (seniorrådgjevar, seksjon kompetanse) overtok som prosjektleiar.

## 2.6 Korleis samarbeidsprosjektet skulle henge saman med overordna mål og planar

Samarbeidsprosjektet skulle følgje opp vedtaket og verbaftorslaget, støtte og følgje opp arbeidet i lokalt prioriterte samarbeidstiltak mellom skular og arbeidsliv.

Hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring vart knytt til utviklingsarbeidet.

Fylkesrådmannen såg dessutan vedtaka og samarbeidsprosjektet i samanheng med verksemestrategien:

### *Overordna mål 1*

*Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsordenen og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov.*

### *Strategiar*

- 1.1 Styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering
- 1.2 Styrke samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv

Arbeidet i prosjektet vart dels knytt til utvikling av regionen og oppfølging av *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* og òg *Regional plan for attraktive senter*.

For å lykkast med samarbeidsprosjektet vart det lagt vekt på:

- Forankring i høve mål og mandat.
- Gjensidig vilje og forplikting mellom aktørane.
- Ivaretaking av fagkompetanse i skule og arbeidsliv og utvikling av kompetanse.
- Kapasitet til å følgje opp i form av tid og økonomi.
- Integrering i verksemdene og skulane som organisasjon og god samanheng med andre oppgåver og prosjekt.

### 3. Gjennomføring

Under blir framdrifta i samarbeidsprosjektet gjennomgått, frå starten hausten 2017 fram til avsluttinga av prosjektet sommaren 2020. I perioden har det vore faste møte i samarbeidsforum som har hatt den overordna styringa av prosjektet. Fram til januar 2018 var det områdeleiar Hillevi Runshaug som fungerte som leiar av prosjektet, då det vart utpeika ein eigen prosjektleiar for prosjektet.

#### 3.1 Planlegging av utprøving av modellar

Det vart tidleg avklart at Austrheim vgs. ville konsentrere innsatsen kring byggfag og at Knarvik vgs. ville gjennomføre prosjektet på TIP. I den første idéfasen var det vurdert å prøve ut modellar med auka utplassering på både Vg1 og Vg2, og det vart gjort vurderingar av læreplanar med tanke på å korleis ein kunne flytte meir av opplæringa ut i bedriftene.

Det var avgjerande for prosjektet å knyte til seg motiverte og interesserte bedrifter. Fleire av medlemmene i samarbeidsforum deltok, saman med andre frå skulane, på ein konferanse på Kongsberg, der ulike modellar for samarbeid mellom skule og arbeidsliv vart presenterte. Her vart ein kjent med K-Tech (Kongsberg Technology Training Centre AS) som er eit innovativt og framtidsretta utdanningssenter som vart etablert i 2008 av dei tre største teknologi- og industribedriftene i Kongsberg. Eigne erfaringar som er gjort i Hordaland vart og tatt med i arbeidet vidare, t.d. TAF-modellen og vekslingsmodellen.

Det var einighet om at ein inviterte bedriftene til workshop med bedriftene i februar 2018 på Knarvik vgs., Austrheim vgs. hadde tilsvarende samling i april. Formålet med slike kick off-samlingar for prosjektet var å ramme inn med mål for prosjektet og involvere bedriftene godt i det vidare arbeidet. Det var òg viktig å få gode forslag frå, og dele idéar med, samarbeidsbedriftene. Av tema som vart drøfta på samlinga var: fordelar og ulemper med ulike modellar med meir utplassering, konsekvensar for bedriftene ved å auke mengda utplassering, utfordringar med vurdering av eleven sitt arbeid, samarbeid mellom bedriftene om utplasseringa og behovet for skriftelege avtalar mellom skule og bedrift. Det var 17 bedrifter som deltok på samlinga på Knarvik vgs.

Etter samlingane vart ein einige om at prosjektet skulle halde seg innanfor dei formelle rammene slik dei ligg i dag, og at det ikkje var trond for å nytte fleksibiliteten som er i dette systemet (t.d. søkje skuleeigar om alternativ fag- og timefordeling), eller å søkje om forsøk på noko vis. Overføringsverdien til andre utdanningsprogram vart òg vurdert til å vere større om ein held seg innanfor eksisterande rammer. I denne fasen var det òg stort fokus på at elevane sitt timetal i faga og lærarane si årsramme var styrande for val som vart gjort.

Etter samlingane vart det bestemt at samarbeidsprosjektet ville auke utplasseringa på Vg2, medan Vg1-elevane ville halde fram som før (bedriftsbesøk m.m.).

Austrheim vgs. tok denne avgjerda først og Knarvik vgs. følgde dette opp med eit liknande vedtak. I starten vart det opplevd som tungt å få bedriftene til å forplikte seg til auka utplassering, sjølv om alle var utelukkande positive til modellen. I arbeidet med å motivere bedriftene hadde skulane eit tett samarbeid med Nordhordland Næringslag (NoNL), og etter kvart var det tilstrekkeleg med bedrifter til at skulane kunne starte opp frå hausten 2018.

### 3.2 Oppstart med utprøving av modellar hausten 2018

Dei to skulane valte modellar som var noko ulikt organisert i form av mengde av opplæringa som skjer i høvesvis skule og bedrift. Oversikt over utplasseringsveker skuleåret 2018/2019 er framstilt i denne tabellen:

Skule	Periode i bedrift (vekenummer)		Tal veker i bedrift Skuleåret 2018/2019
	Hausten 2018	Våren 2019	
Knarvik vgs.	43-46	4-8	9
Austrheim vgs.	44-48	3-6	13

På Knarvik vgs. var det faget yrkesfagleg fordjuping (YFF) som vart organisert som 100 % utplassering, og i tillegg vart nokre timer i programfaget *produksjon* òg lagt til utplasseringsperiodar. Dette medførte ein auke i talet elevane var utplassert på tre veker. Dette gav òg ein auke i belastninga på bedriftene som gjorde at samarbeidet mellom skule og bedrift, og dialogen mellom faglærar og instruktør, hadde stort fokus og vart betra. I tillegg vart denne dialogen jamleg evaluert.

På Austrheim vgs. valte dei å organisere opplæringa både i YFF og produksjon 100 % som utplassering. Samanlikna med før betydde dette ein auke i utplassering på sju veker i løpet av skuleåret. Austrheim vgs. har mange mindre bedrifter dei samarbeider med på byggfag, så kvar bedrift hadde gjerne berre ein elev utplassert.

Erfaringar som begge skulane gjorde seg etter det første skuleåret var at elevane fekk ei betre fagleg opplæring enn om meir av opplæringa hadde blitt gjennomført på skulen. Spesielt Austrheim vgs. organiserte undervisninga i fellesfaga som blokkdagar, dette vart i utgangspunktet opplevd som positivt. Det hadde òg ein del negative følgjer som gjorde at skulen endra dette underveis i skuleåret, slik at ein gjekk tilbake til å ha fleire fag per dag. Begge skulane brukte modellen aktivt i rekrutteringa av nye søkjrarar.

Lærarrolla ved meir utplassering i bedrift er lik den som dei i dag har i yrkesfagleg fordjuping (YFF). Når elevane er i praksis i bedrift, er også lærar ute i bedrift etter oppsett plan. Oppgåver er t.d. dialog om innhald i opplæringa, vurdering, ev. behov for rotasjon i praksisbedrift for å fylle læreplanmåla. Denne dialogen går mellom lærar, elev og bedrift. Det er òg viktig at dialogen mellom faglærar og instruktør er god med tanke på formelle forhold, t.d. fråværsføring.

For å få til ei god undervegsevaluering nytta Knarvik vgs. Google Docs som verktøy for elevane til å skrive logg. Dette skjedde underveis medan elevane er i praksis, og

gav god samhandling mellom elev og lærar. Loggen vart vidare grunnlag for dialogen mellom elev, lærar og bedrift medan læraren besøkjer eleven i praksis.

Andre erfaringar skulane gjorde seg etter første året i prosjektet er at det gjerne var trond for meir teori i starten av skuleåret, slik at elevane var betre førebudde til den første utplasseringsperioden. Også lengda på utplasseringsperiodane vart vurderte. Knarvik vgs. hadde ein elev med tilretteleggingsbehov utplassert i ei av bedriftene. Dette vart godt førebudd mellom skulen og bedrifta, og instruktør i bedrifta fekk og opplæring som skulle setje bedrifta betre i stand til å ta i mot eleven.

### 3.3 Endringar som vart gjort hausten 2019

Erfaringane frå det første prosjektåret var i det store gode, men nokre endringar vart gjort til det betre. På Austrheim vgs. vart det som nemnt gjort endringar i organiseringa av fellesfaga på skulen, dei hadde òg fleire, men kortare utplasseringsperiodar. Det totale talet på veker utplassering vart halde konstant.

På Knarvik vgs. held dei fram med 9 veker utplassering totalt. Skulen hadde framleis høgt fokus på samarbeidet mellom faglærar og instruktør, spesielt på det som handla om vurdering. Også dialogen mellom lærar og elev, særleg med tanke på vurdering for læring, vart høgt prioritert, m.a. vart Google Docs-metoden vidareutvikla.

Våren og avslutninga av prosjektet vart sjølvsagt prega av koronapandemien som trefte landet med full styrke i mars 2020. M.a. vart store delar av den praktiske undervisninga på skulen erstatta med nettbasert undervisning. Elles vart siste del av prosjektet gjennomført som planlagt. Erfaringane som skulane har gjort seg i prosjektperioden vart tatt med i planlegginga av skuleåret 2020/2021.

Austrheim vgs. planlegg å bruke erfaringane frå byggfag og overføre modellen til TIP-faga, både Vg2 køyretøy og Vg2 industrieknologi. På Knarvik vgs. vart det ei utfordring med tanke på modellen, at dei fekk oppretta ein ekstra klasse Vg2 industrieknologi (frå éin til to klassar). Frå begge skular vart det rapportert om mindre bruk av støtteundervisning i fellesfaga, noko som ein reknar med har samanheng med auka utplassering i programfaga.

#### **4. «Kompetanse og utdanning i Nordhordland - Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen» (rapport frå UiB)**

I arbeidet med samarbeidsprosjektet vart det frå Nordhordland næringslag og regionrådet i Nordhordland sett behov for å få eit breiare kunnskapsgrunnlag om næringslivet og regionen sitt behov for framtidig fagtilbod, kompetanse og arbeidskraft.

Det vart søkt om midlar frå regionalavdelinga (HNH-midlar) til å utarbeide ein rapport som skulle dekkje dette. Søknaden vart m.a. forankra i pkt. 2 i mandatet for samarbeidsprosjektet:

- *Gjennom dialog vil ein i prosjektet få fram kunnskapsgrunnlag for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland.*

Dette arbeidet tar og i vare pkt. 4 i mandatet for samarbeidsprosjektet:

- *Prosjektet vil leggje til rette for samarbeid med t.d. forsking, UH-sektoren, eksterne kompetansemiljø og Erasmus+ prosjekt.*

Arbeidet med å utarbeide rapporten starta i april 2018 og vart leia av professor Grete Rusten frå Institutt for geografi ved Universitetet i Bergen. Rapporten «Kompetanse og utdanning i Nordhordland – Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen» er det konkrete resultatet frå dette arbeidet.

Det empiriske materialet omfattar eit omfattande datamateriale om den vidaregåande opplæringa og korleis utdanning og opplæring kan knytast opp mot arbeidsmarknaden sitt behov i eit kort- og langsiktig perspektiv. Studien er basert på ei rekke intervju blant ulike verksemder i Nordhordland, dei vidaregåande skulane, kommunane og andre organisasjoner.

Datainnsamlinga vart utført frå april til november 2018 og inkluderer 93 intervju blant offentlege og private verksemder, samt ni fokusgruppe- og nøkkelinformantintervju blant kommunar og andre institusjonar.

Dagleg leiar i Nordhordland næringslag, Baste Tveito, presenterte rapporten for utval for opplæring og helse i Hordland fylkeskommune i mai 2019.

Rapporten «Kompetanse og utdanning i Nordhordland – Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen» ligg som vedlegg 1 til denne sluttrapporten.

## 5. Prosjektet VET in Urban Centres (Erasmus+)

Hordaland fylkeskommune vedtok *Regional plan for attraktive senter* med verknad frå 2015. På bakgrunn av denne planen inviterte regionalavdelinga i samarbeid med opplæringsavdelinga til eit internasjonalt strategisk partnarskap under Erasmus+.

Målsetjinga var å skapa auka interesse og engasjement for ei aktiv utvikling av dei regional sentera i fylket, samstundes som fagutdanning vart kopla nærmare på «det verkelege liv». Det var eit mål å gjera utdanninga meir relevant og interessant, og få utdanningsprogram som var meir i samsvar med behova i samfunnet no og i framtida, og som bidrar til at næringsliv og offentleg tenesteyting får tilgang på nok og rett kompetanse.

I samband med samarbeidsprosjektet vart det sett på om dette internasjonale prosjektet kunne gi auka innblikk i modellar for fag- og yrkesutdanning og modellar for samarbeid mellom skule og næringsliv og lokalsamfunnsutvikling. Deltaking i dette prosjektet var forankra i pkt. 4 i mandatet for samarbeidsprosjektet:

- *Prosjektet vil legge til rette for samarbeid med t.d. forsking, UH-sektoren, eksterne kompetansemiljø og Erasmus+ prosjekt*

Det vart invitert lokale partnarar direkte og internasjonale partnarar gjennom nettverket til EARLALL i Brussel. 10 formelle partnarar frå 5 ulike land har deltatt i prosjektet som varte i 27 månader og vart avslutta 29.02.2020. Hordaland fylkeskommune var koordinator for prosjektet og Knarvik vgs. var formell partner i prosjektet, men det var òg deltaking frå Austrheim vgs.

Det vart gjennomført 6 internasjonale prosjektmøte og det er arbeidd med to «Intellectual Outputs»;

- 1: Etableringa av tre-part samarbeid: skule – næringsliv - kommune.
- 2: Korleis påverka opplæringsprogram slik at dei er best mogeleg tilpassa noverande og framtidige behov.

Det er utarbeidd rapportar frå alle dei internasjonal møta og frå arbeidet med og konklusjonane på «Intellectual Outputs». Desse dokumenta er alle tilgjengeleg her: <https://www.vestlandfylke.no/internasjonalt-samarbeid/prosjektet-vet-in-urban-centres/>

## 6. Evaluering og oppsummering

### 6.1 Evaluering

I evalueringa av prosjektet, som er utført av seksjon for forsking, kompetanse og internasjonalisering i Vestland fylkeskommune, er det send ut spørjeundersøkingar til opplæringsbedrifter som har hatt utplasserte elevar, lærebedrifter som har lærlingar som har deltatt i prosjektet og faglærarar i både programfag og fellesfag. I tillegg er det gjennomført intervju med dei to rektorane, der dei har gitt sine vurderingar av prosjektet. Austrheim vgs. gjennomførte òg ei spørjeundersøking etter første prosjektåret der elevane har gitt sine tilbakemeldingar om korleis dei opplevde å vere med i prosjektet. Evalueringa (vedlegg 2) og tilbakemeldingane frå rektorane (vedlegg 3) er vedlegg til denne rapporten.

Evalueringa har forsøkt å finne svar på desse spørsmåla:

1. *Har ordninga ført til auka læringsutbytte?*
2. *Har bedriftene fått betre lærlingar?*
3. *Er det blitt betre kontakt mellom skulene og næringslivet?*
4. *Har modellen endra høve for investeringar?*
5. *Kva overføringsverdi har modellen til andre fag?*

På bakgrunn av evalueringa, som grunna koronasituasjonen berre konsentrerte seg om det første prosjektåret, har ein forsøkt å trekke ut nokre hypotesar som er undersøkt vidare m.a. i samtalane med rektorane. I tillegg til dette har samarbeidsforum hatt innspel og tilbakemeldingar frå deltarane som sak i sitt siste møte. Her hadde avdelingsleiarane og næringslaget eigne innlegg med sine vurderingar.

Ut frå evaluering er det vanskeleg å trekke klare konklusjonar, men fleire av dei funna som kjem fram blir òg trekte fram og styrka i samtalene med rektorane.

1. *Har ordninga ført til auka læringsutbytte?*

Her er det funn som tyder på at ein har fått elevar med breiare kunnskap, sidan elevane får erfaring med å arbeide med utstyr som skulen ikkje har. Motivasjon er ein viktig faktor i læringsarbeidet, og frå alle respondentane får ein tilbakemelding om at ein har fått meir motiverte elevar. Dette gjeld særleg i programfaga, og ein melder heller ikkje om fall i motivasjonen for fellesfaga, noko som var sett på som ein risiko i utgangspunktet.

2. *Har bedriftene fått betre lærlingar?*

Om lag halvparten av lærebedriftene meiner dei har fått betre lærlingar, både når det gjeld betre samarbeidsevner og høgare faglege ferdigheiter. Dette heng saman med lengre utplasseringsperiodar og at ein får meir erfaring i arbeid på avansert utstyr. Dette bildet blir styrka frå skulane si side òg, både rektorar og faglærarar har det same inntrykket.

3. *Er det blitt betre kontakt mellom skulene og næringslivet?*

Det er mykje som tyder på at det er blitt tettare samarbeid mellom skulane og bedriftene med denne ordninga. Det er fleire kontaktpunkt mellom faglærar og instruktør gjennom skuleåret og opplæringsbedriftene opplever at det er lettare å gje faglege tilbakemeldingar til skulen. Sidan programfag òg har vore ein del av utplasseringa har samarbeidet om vurdering blitt endå viktigare. Nordhordland har ein lang og god tradisjon med tett og godt samarbeid mellom skule og arbeidsliv, men alle involverte viser til at dette arbeidet er blitt endå tettare og betre.

#### *4. Har modellen endra høve for investeringar?*

Sidan prosjektet valte å konsentrere seg om auka utplassering på Vg2, og ikkje involvere Vg1, vil det uansett vere behov for det grunnleggande utstyret som trengs i den grunnleggjande opplæringa. Skulane melder om at det blir mindre slitasje på eige utstyr (Austrheim vgs.), og at kapasiteten på eksisterande utstyr går opp (dvs. fleire elevar på eksisterande utstyr).

#### *5. Kva overføringsverdi har modellen til andre fag?*

I utgangspunktet vart det ikkje gjort spesielle val på bakgrunn av dei programområda som vart valt (byggfag og industriteknologi). Det vart heller ikkje gjort endringar i fag- og timefordelinga, eller søkt om forsøk med unntak frå opplæringslova som skulle bety at det ikkje er mogleg å prøve ut ordninga på andre fagområde. I tilbakemeldinga frå rektorane er ting som tyder på at dette er ein modell ein ser for seg òg på andre utdanningsprogram. Austrheim vgs. har utprøving av ein slik modell på både Vg2 køyretøy og industriteknologi skuleåret 2020/2021, i tillegg til at dei held fram med modellen på Vg2 byggfag. Eit anna døme er Vg2 byggfag på Knarvik vgs., her har dei kunna utvide til to klassar sidan dei har nesten all undervisninga i programfaga ute i bedrift. Dette er eit døme på at ein kan auke kapasiteten utan at det er behov for ytterlegare verkstadskapasitet. Slik ein har lagt opp dette arbeidet er det talet på utplasseringsbedrifter som gjerne er det som er avgrensande, ikkje kva for utdanningsprogram det er.

### 6.2 Oppsummering

I det store og heile er det gode erfaringar frå alle involverte i dette prosjektet. Det må trekkjast fram at alle lærebodriftene meiner dei har fått like gode eller betre lærlingar. Også blant opplæringsbedriftene er det gode tilbakemeldingar, m.a. meiner ein at samarbeidet mellom skule og bedrift er blitt endå betre enn før. Bedriftene er òg nøgde med å kunne ha elevane i bedriftene i lengre periodar, noko som gir dei ein breiare kunnskap og opplæring i meir avansert utstyr. Dette er òg noko skulane trekkjer fram, eit godt samarbeid er blitt endå betre.

Slik skulane vurderer det vil ein arbeide vidare i dette sporet, med meir utplassering, òg på andre utdanningsprogram. Det som kan vere til hinder for dette er tilgangen på utplasseringsplassar. Andre skular i Bergensområdet er òg interesserte i å få tilgang til plassar i Nordhordland, slik at den totale kapasiteten i området kan bli for liten. Dette er utfordringar som skulane i fellesskap må finne løysingar på, saman med bedriftene.

Det må takast med i vurderinga at samarbeidet mellom skulane og bedriftene i Nordhordland var godt i utgangspunktet. Dette er utvikla over fleire år gjennom tette relasjonar og eksisterande strukturar i regionen, noko som òg blir omtalt i UiB-rapporten frå professor Grete Rusten.

Her må Kompetanseprosjektet trekkjast fram, som er eit samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og næringslaget. Med ressursar avsett til ein kompetansekordinator har regionen fleire formelle strukturar på plass som er til hjelp i samarbeidet mellom skule og næringsliv. Eit anna døme er satsinga på TAF-modellen, som har utvikla eit tett samarbeid over fleire år mellom skulane og bedriftene som er med i ordninga.

Gjennom prosjektet har det òg vakse fram eit tettare samarbeid mellom skulane i regionen og mellom dei andre aktørane. Ikkje minst gjennom arbeidet med Erasmus+ har t.d. relasjonen mellom Knarvik vgs. og Lindås kommune (no Alver kommune) blitt styrka. Gjennom arbeidet med Erasmus+ fekk ein òg sett på ulike modellar med samarbeid mellom skule og arbeidsliv frå andre land. Prosjektet har òg ført til eit tettare samarbeid med UH-sektoren gjennom arbeidet med UiB-rapporten, som gav eit oppdatert kunnskapsgrunnlag med tanke på regionen sitt kompetansebehov og behovet for arbeidskraft i framtida. Dette er eit kunnskapsgrunnlag som kan brukast i arbeidet med dimensjonering av utdanningstilboda og i arbeidet fram mot rulleringa av skulebruksplanen.

Det kan og vere nyttig for andre regionar og skular å lære av dette prosjektet. Her bør det leggjast opp til erfaringsutveksling der skulane som deltok kan presentere sine erfaringar. Skal ein leggje opp til modellar med auka utplassering i andre regionar vil ein måtte byggje på dei erfaringane og relasjonane som eksisterer i dag, slik ein gjorde det i samarbeidsprosjektet i Nordhordland.

Det må elles leggjast opp til at både skulane og avdeling for opplæring og kompetanse brukar konklusjonane og vurderingane i denne sluttrapporten i det vidare utviklingsarbeidet.